

KVELDSBØNN 2

Innleiande veksellesing:

Liturg: Kom til oss i kveld, vår Gud.
ALLE: KOM TIL OSS MED LYS.

Liturg: Tal til oss i kveld, vår Gud.
ALLE: TAL OG SYN OSS DI SANNING.

Liturg: Bli hos oss i kveld, vår Gud.
ALLE: BLI HOS OSS I KJÆRLEIK.

Song:

Guds ord

Liturg: Gode Gud, når vi no les frå ditt ord,
ALLE: LAT OSS KJENNE AT DU ER NÆR.

Lesing *(Her les ein eit avsnitt frå Bibelen)*

Forbøn

Liturg: Herre Jesus Kristus, lat kjærleiken flamme opp i hjarta våre,
slik at vi kan elske vår neste, både fiende og ven.

ALLE: HERRE JESUS KRISTUS,
DU SOM GIR HÅP TIL ALLE FATTIGE OG LENGTANDE,
LAT KJÆRLEIKEN FLAMME OPP I HJARTA VÅRE.

Liturg: Vi bed for den verdsvide kyrkja.
ALLE: GJEV EINSKAP MELLOM ALLE TRUANDE,
LAT EVANGELIET HA FRAMGANG I ALLE LAND.
SJÅ I NÅDE TIL DET FOLK DU GAV DINE LOVANDER
I DEN GAMLE PAKTA.
STYRK FORKYNNARAR OG MISJONÆRER
OG ALLE SOM STRIR DEN GODE STRIDEN I TRUA.
HALD OSS FAST I DI SANNING.

Høve til frie eller stille bøner

(Til slutt på forbønnsdelen ber ein følgjande bøn)

Liturg: Herre Kristus, vi gir vår sjel og vår kropp i di varetekt i natt.
ALLE: DU SOM HAR KJENT SMERTA AV TÅRER OG NAGLAR
FOR VÅR SKULD, LAT DIN KROSS, OGSÅ DENNE NATTA,
VERNE OSS MOT FARAR.

Velsigning

ALLE: FOR ALLE SOM STÅR OSS NÆR,
FOR ALLE VI TENKJER PÅ
FOR DEI OG FOR OSS SJØLVE BER VI:
VELSIGN OSS, GUD FADER.
VELSIGN OSS, GUDS SON.
VELSIGN OSS GUDS HEILAGE ANDE. AMEN.